



Roger Hartveit  
5283 FOTLANDSVÅG

v/ Advokat Kayser  
Advokatfirmaet Stiegler

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/1495 - 16/2453

Saksbehandlar:  
Jostein Førre  
jostein.forre@osteroy.kommune.no

Dato:  
20.04.2016

## 6/1 - Vevletveit - Gjeld masseuttak - stoppordre - varsel om pålegg og retting og tvangsmulkt - plan- og bygningslova §§ 32-3, 32-4 og 32-5

**Tiltakshavar:** Roger Hartveit, 5283 Fotlandsvåg.  
**Grunneigar:** Monica Matter, Trondheimsvegen 68, 2072 Dal.

### 1. Innleiing og grunngjeving for vedtaket

Saka gjeld ulovleg masseuttak på eideommen gnr. 6 bnr. 1 i Osterøy kommune. Det vart per 20. august 2012 gjeve stoppordre for drifta av steinknuseverket som ikkje er etterkomen. Vidare har Fylkesmannen i Hordaland i sitt brev av 13. mars 2014 slege fast at drifta av steinknuseverk på eideommen er i strid både med reglane i jordlova og plan- og bygningslova (tbl.). Brevet følgjer for god ordens skuld vedlagt her.

Som det framgår av Fylkesmannen sin uttale utløyser drifta på eideommen i henhold til tbl. § 12-1 andre ledd eit krav om reguleringsplan. I tillegg er det krav om byggesaksbehandling for vesentlege terrenngrep etter tbl. § 20-1 bokstav k. Drifta på eideommen representerer såleis eit ulovlig tiltak, og det iverksettes med dette ulovlighetsoppfølgning etter reglane i tbl. kap. 32.

### 2. Stoppordre

Pbl. § 32-4 seier følgjande om pålegg om opphør av bruk med umiddelbar verknad:

*«Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller ophør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.»*

Med heimel itbl. § 32-4, jf. § 32-3 krev Osterøy kommune at all drift i samband med masseuttak/steinknuseverket på eideommen gnr. 6, bnr. 1, Vevletveit omgåande stoppa til det eventuelt føreligg eit løyre. Stoppordren vert gjeven med heimel i § 32-4 utan føregåande varsel.

Nødvendig sikringsarbeid må utførast før steinknuseverket forlates.

### **3. Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt**

I henhold til pbl. § 32-2 gjev kommunen med dette varsel om at det med heimel i pbl. §§ 32-3 kan verte fatta vedtak om pålegg om retting dersom det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen som framkjem av pkt. 4 nedanfor. Eit eventuelt pålegg som ikkje vert etterkome innan fastsett frist, vil dessutan kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Vidare vert det med dette gjeve varsel om at det i henhold til pbl. § 32-5 kan verte fatta vedtak om ileyding av tvangsmulkt dersom det ulovlege tilhøvet ikkje opphører umiddelbart. Tvangsmulkta vil verte ilagt dersom Osterøy kommune ikkje har motteke stadfesting på at den ulovlege verksemda er stoppa. Det vil kunne verte ilagt ytterlegare løpende tvangsmulkt ved manglande etterlevelse av eventuelt pålegg om retting.

### **4. Tiltakshavar sine rettar og klageadgang**

Tiltakshavar har rett til å uttale seg før det vert fatta vedtak om retting og ileyding av tvangsmulkt. Frist for uttale vert sett til 3 veker frå dags dato, jf. pbl. § 32-2.

Stoppordren er eit enkeltvedtak etter forvaltningslovens bestemmelser som kan klagast på til overordna forvaltningsorgan innan 3 veker, jf. forvaltningsloven kap. VI. Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt er ikkje enkeltvedtak som kan påklagast. Dersom slike pålegg vedtas, vil det imidlertid vere klageadgang.

Med helsing

Jostein Førre  
rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### **Vedlegg:**

6/1 - Vevletveit - Masseuttak - rettleiing

#### **Mottakar:**

Monica Matter	Trondheimsvegen 68	2072	DAL
Roger Hartveit		5283	FOTLANDSVÅG
Advokatfirmaet Stiegler v/ Kayser			